

Håvard Gjerde
Seimshagen 43
5472 Seimsfoss
e-post: hgjerde@hotmail.no
tlf: 995 74 136

Kvinnherad kommune	
10 JAN. 2022	
Saksnr: 22/468	U off.:
Saksbeh: HKJ	Kopi:

Rosendal 08.01.2022

Kvinnherad kommune
Avdeling for byggesak og geodata

Ref: Dykkar sak 2021/2406

VEDKJEM SØKNAD OM MIDLERTIDIG DISPENSASJON FOR PLASSERING AV BRAKKER OG UTSTYR - TÅNESET

Viser til uttale frå Statsforvaltaren i Vestland og dykkar brev dagsett 23.12.2021. Viser også til dispensasjonssøknaden min og innstillinga frå kommunedirektøren i saka.

Uttalen frå statsforvaltaren kan gje inntrykk av at det vert søkt om dispensasjon for etablering av ei ny verksemd på Tåneset.

GH Skjelnes A/S har vore leigetakar og har nytta området som lager i fleire tiår. Det omsøkte området er ei oppstramming av grensa for eksisterande lokasjon og det vil verta gjort tiltak for å dempa eksponeringa mot omgjevnadane. Dei samfunnsmessige ulempane vil etter mitt syn vera minimale for ikkje å sei fråverande.

Statsforvaltaren er vidare negativ til dispensasjon på eit *prinsipielt* grunnlag. Eg meiner saka må vurderast med omsyn på næringsutvikling og rasjonell ressursbruk.

GH Skjelnes er klar på at Tåneset er ei ideell plassering for deira verksemd (lager) på alle måtar. I dag er det ikkje tilgjengeleg eit fullgodt alternativ i området.

Dersom Tåneset ikkje vert godkjent som næringsareal i framtidige planar, er saka grei: då må GH Skjelnes A/S si verksemd flytta.

Men dersom Tåneset vert godkjent som næringsareal, vil ei midlertidig flytting vera bortkasta ressursar og elles ein stor ulempe for den lokale, viktige verksemda med aktivitetar langt utover Kvinnerad kommune sine grenser.

Med helsing

Håvard Gjerde